

## Søknad

### Kapitalbase for investeringar

Til: Sogn og Fjordane fylkeskommune

Frå: Fjord Invest Såkorn AS v/styret

Vedk: Bygge kapitalbase med utgangspunkt i Sogn og Fjordane

---

#### Bakgrunn

I 2003/2004 vart fonda Fjord Invest og Fjord Invest Såkorn oppretta. Det overordna føremålet var å styrke utvikling av små- og mellomstore bedrifter i Sogn og Fjordane fylke gjennom tilføring av egenkapital og kompetanse. Miljøet kring forvaltninga av fonda vart lagt til Førde.

Sogn og Fjordane fylkeskommune var ein av stiftarane til Fjord Invest Såkorn i 2004, saman med Fjord Invest. Strategien dei første åra var å investere i tidleg fase, men ved emisjonen i 2010 vart fondet sitt føremål endra, frå investering i bedrifter i tidleg fase til å investere i «konkurransedyktige såkornbedrifter og små- og mellomstore bedrifter i Sogn og Fjordane». Endringa vart gjort for også å kunne delta i snuoperasjonar av etablerte bedrifter i fylket. Siste emisjon i Fjord Invest Såkorn vart gjennomført våren-2017, der Sogn og Fjordane fylkeskommune tilførte MNOK 4,9. Sogn og Fjordane fylkeskommune har vore, og er ein viktig aktør i høve kapital til vekstbedrifter i Sogn og Fjordane.

Sidan oppstarten har Fjord Invest fonda investert i 27 bedrifter, der 23 av investeringane er gjort i bedrifter i Sogn og Fjordane. Bedriftene har vore/er i forskjellige bransjer, og på ulik stadium i livssyklusen, alt frå tidleg fase til vekst- og moden fase. I dag tel portefølja i Fjord Invest fonda totalt 10 selskap. Og i dei selskapa er det skapt i underkant av 100 arbeidsplasser, der 80 av dei er i Sogn og Fjordane.

Fondet har i disse dagar inngått avtale om salg av ein av eigarpostane, til ein vesentlig gevinst som vil nyttast til framtidige investeringar innafør fondet sitt mandat.

Eitt av dei viktige kriteria for at forvaltninga av det distriktsretta fondet for Sør-Vestlandet, Fjord Invest SørVest AS, vart lagt til Sogn og Fjordane i 2007, var nettopp dette operative forvaltningsmiljøet i Førde. Gjennomførte evalueringar av ordninga med såkornfond konkluderer med at geografisk nærheit til næringslivet vert opplevd som svært viktig i fond som driv aktivt eigarskap, og det derfor er vesenleg at fonda har forvaltarar/forvaltningsmiljø med regional tilknytning. 1)

Dette understrekar viktigheita av å ha eit investeringsmiljø (fond/forvaltning) i Sogn og Fjordane

Tilgang til kapital er ein vesentleg forutsetning for å styrke utviklinga av små-og mellomstore bedrifter, noko som igjen kan føre til verdiskaping og arbeidsplasser. Med dette som utgangspunkt har styret i Fjord Invest Sårkorn arbeida for å at det vert etablert ein kapitalbase i Sogn og Fjordane som skal ha som føremål å investere i bedrifter i Sogn og Fjordane. Det er på denne bakgrunn at styret i Fjord Invest Sårkorn vender seg til Sogn og Fjordane fylkeskommune.

- 1) Sist i rapport «sårkornfond i Norge – evaluering», utarbeida av Menon Economics 05/2009

### **Føremål, storleik på kapitalbasen og modell**

Føremålet med kapitalbasen er å bidra til nyskaping og vekst i Sogn og Fjordane, gjennom investeringar i oppstartsbedrifter og vekstbedrifter. Arbeidsmålet for kapitalbasen er min 100 mill NOK, med oppbygging over ein periode, td ein fem-års periode.

Ein av modellane som arbeidsgruppa 2) har arbeida med er ein stiftelsesmodell, med referanse til Stiftelsen First Seed Hedmark, sjå vedlegg.

Modellen er kort fortalt at det vert oppretta ein stiftelse med føremål om å bidra til nyskaping og vekst, gjennom investeringar i oppstartsbedrifter og vekstbedrifter. Kapital vert tilført stiftelsen suksessivt, er irreversibel og all kapital, også gevinst frå porteføljeselskap, vert ført tilbake til stiftelsen og nytta i samsvar med føremålet. Stiftarane set saman eit kompetent styre som gjer dei nødvendige vedtak i høve investeringsstrategi og evt val av forvaltar.

Arbeidsgruppa vil og arbeide med, og vurdere andre selskapsformer.

- 2) Det har vore ei arbeidsgruppe i regi av styret i Fjord Invest Sårkorn som har jobba med spørsmål knytta til kapital.

### **Formell saksgang vidare**

Ved positiv tilbakemelding frå fylkeskommunen med eit estimert beløp, 10 mill NOK i 2019, vil styret i Fjord Invest Sårkorn arbeide for å auke startkapitalen i «kapitalbasen» til minimum det doble beløpet, 20 mill MNOK før etablering. Samt at det vert arbeida vidare med å auke kapitalen til min 100 mill NOK, med årleg suksessiv oppbygging over eit tidsrom, td.fem år.

### **Vedlegg:**

1. Erfaring med verksemda i Fjord Invest Sårkorn
2. Oversikt over modellen til First Seed, Hedmark

## **Vedlegg 1: Erfaring med verksemda i Fjord Invest Såkorn.**

Fjord Invest Såkorn er det einaste fondet som utelukkande har Sogn og Fjordane som sitt geografiske nedslagsfelt. Fondet har totalt gjennomført 16 investeringar, og har pt 8 bedrifter i portefølja. Porteføljebedriftene har ei samla omsetning på om lag 145 mill NOK (2017) og 80 tilsette. For kvar krone som fondet har investert, er det tilført 5 x kroner i annan privat kapital og lån.

Fjord Invest Såkorn sine investeringar har i dei seinare år vore viktige for å skape interessante gründermiljø i fylket, både på campus i Sogndal (Rocketfarm), i Målø, Selje (Easyform, Paneda), i Gulen (Beat), i Førde (Webmegling) og i Florø (Evoy). Fondet si investering i Østerbø Maskin har også bidrege til å sikre viktige arbeidsplassar i Høyanger kommune gjennom ein vellukka snuoperasjon.

Antal selskap/prospekt som ynskjer tilgang til eigenkapital svingar sjølvsagt. Dei siste tre åra har eit hundretal bedrifter ynskt tilgang til eigenkapital, og akkurat no er både antal selskap/prospekt og kvaliteten aukande.


I tillegg til eit operativt forvaltningsmiljø i Sogn og Fjordane, har det opparbeidd seg eit nettverk av personar med ulik fagleg kompetanse, koinvestorar og andre samarbeidspartnarar.

Fjord Invest Såkorn arbeidar kontinuerleg for å utvikle porteføljebedriftene, og både styret og forvaltar vil sjølvsagt fortsette arbeidet for å realisere verdiar av desse investeringane.

Styret i Fjord Invest Såkorn er styreleiar Vidar Grønnevik og styremedlemene Eli Grete Høyvik og Ingar Valvik.

I dag er det 15 aksjonærar i Fjord Invest Såkorn, der Sogn og Fjordane fylkeskommune og ReKomp er største eigarar med 85,3 % av aksjane. Denne aksjeposten vil, slik vi har oppfatta det, verte overført til Vestland fylke. Om eigarane ynskjer det kan Fjord Invest Såkorn ta ei rolle i det nye fylket, og vere eit instrument for investering i oppstarts-og vekstselskap i Vestland fylke.

# Stiftelsen - prinsipper for modell og forvaltning



sparebank  
stiftelsen  
**hedmark**